SUNNFJORD HOTELL AS

Sunnfjord Hotell AS

Orientering frå Styret 2024

Og

Årsregnskap 2024

SUNNFJORD HOTELL AS
Langebruvegen 21
N-6800 FØRDE
NO 918 804 943 MVA

Postadresse
Postboks 158
N-6801 FØRDE

Bankkonto
3700 05 10700

SUNNFJORD HOTELL AS

Orientering frå Styret år 2024

Innleiing.

Sunnfjord Hotell AS hadde i 2024 ei omsetning på ca kr 26,1 mill.

Verksemda si art.

Verksemda til Sunnfjord Hotell AS er utleige av fast eigedom i Førde.

Vedlikehald/ investering.

Vi har utført drift og vedlikhald for ca 6 mill i 2024. Ferdigstilt diverse vedlikehald i høve brannteknisk oppgradering ca 1 mill, og utskifting av rest vindu i 80 fløyen 1,5 mill, 1 stk ny brannhydrant og byte 1 stk brannhydrant ca 1 mill. Oppstart nytt kjøkken 1,8 mill. Kjøkken vil fortsette også i 2025.

Planlagt vedlikehald / nybygg 2024.

Selskapet har i år 2024 planlagt følgjande: Oppussing av kjøkken (tak, golv og veggar). Samt byte ventilasjonsanlegg til bassenget, budsjett ca 1,4. Samla om lag ein kostnad på ca 5,5 mill.

Rettvisande oversikt over utvikling og resultat.

Sunnfjord Hotell AS si inntekt er basert på prosentar av Scandic Sunnfjord Hotell & Spa AS si omsetning. Inntekta for 2023 var kr 22,1 mill. I 2024 vart den kr 26,1 mill. Av dette er anleggsbidrag frå bustadblokk på nabotomt ca 2,6 mill.

Selskapet sin totalkapital ved utgangen av 2024 var kr 146,8 millionar samanlikna med ca kr 147,4 millionar året før. Eigenkapitalandelen pr. 31.12.24 var på 40,6 % samanlikna med 39,7 % året før. Gjelda ved utgangen av 2024 er kr 87,16 millionar mot kr 88,89 millionar året før.

Styret meiner at årsrekneskapen gir ei rettvisande oversikt over Sunnfjord Hotell AS sine eigendelar og gjeld, finansielle stilling og resultat.

Fortsatt drift.

I samsvar med rekneskapslova §3-3 stadfestast det at føresetnaden om fortsatt drift er lagt til grunn ved utarbeidinga av rekneskapen.

Aksjane i Sunnfjord Hotell AS

Selskapet har 18.528 aksjar pålydande kr 500,-. Utbytte utbetalt for 2024 er kr 75,- pr. aksje.

Godtgjersle til styret.

Styret har halde 3 styremøte og handsama 17 saker i 2024. Styret gjer forslag overfor generalforsamlinga om eit styrehonorar for år 2024 på kr 75.000,- til formannen og kr 35.000,- til øvrige styremedlemmar, samt 20.000,- vara.

Arbeidsmiljø.

Selskapet har pr. 31.12.2024 ingen tilsette. Dagleg leiar funksjonen vert dekka av FGH – Invest AS gjennom leige av Jonny Tjønn.

Framlegg til disponering av årsresultat

Årsoverskot etter skatt	kr. 2.573.369,-
Som vert tilrådd brukt slik:	
Utbytte 15% av pari	kr. 1.389.600,-
Overført til eigenkapital	kr. 1.183.769,-
Sum overføringar	kr 2.573.369,-

Førde, 31. desember 2025
24.04.2025

Per Storegjerde
-Styreleiar-

Svein Bj. Nordal
-styremedlem-

Andreas Rønnekleiv
-styremedlem-

Jonny Tjønn
-dagleg leiar-

Årsrekneskap 2024
SUNNFJORD HOTELL AS

Rapport fra styret
Resultatrekneskap
Balanse
Notar
Rapport fra revisor

Org.nr.: 918 804 943

Resultatrekneskap

SUNNFJORD HOTELL AS

Driftsinntekter og driftskostnader	Note	2024	2023
Leigeinntekter	1	23 494 443	21 702 916
Andre driftsinntekter		2 597 671	393 178
Sum driftsinntekter		**26 092 114**	**22 096 094**
Lønskostnad	2	182 490	171 430
Avskriving	3	9 212 663	9 757 586
Annan driftskostnad	2, 4	8 779 038	5 992 189
Sum driftskostnader		**18 174 191**	**15 921 206**
Driftsresultat		**7 917 923**	**6 174 888**
Finansinntekter og finanskostnader			
Anna renteinntekt		391 611	300 091
Anna finansinntekt	5	41 430	41 608
Nedskriving av finansielle anleggsmiddel		-505 879	0
Annan rentekostnad		5 678 529	5 320 652
Resultat av finanspostar		**-4 739 609**	**-4 978 953**
Resultat før skattekostnad		3 178 314	1 195 935
Skattekostnad på resultat	6	604 945	275 390
Resultat		**2 573 369**	**920 545**
Årsresultat		**2 573 369**	**920 545**
Overføring			
Avsett til utbytte		1 389 600	1 389 600
Avsett til annan eigenkapital		1 183 769	0
Overføring frå annan eigekapital		0	469 055
Sum overføringar		**2 573 369**	**920 545**

Balanse

SUNNFJORD HOTELL AS

Eigedelar	Note	2024	2023
Anleggsmiddel			
Immaterielle eigedeler			
Utsett skattefordel	6	3 968 581	3 741 417
Sum immaterielle eigedelar		**3 968 581**	**3 741 417**
Varige driftsmiddel			
Tomter, bygningar og annan fast eigedom	3	125 428 198	134 329 898
Driftslausøyre, inventar, verktøy, kontormaskinar og liknande	3	1 149 901	644 700
Sum varige driftsmiddel	3	**126 578 099**	**134 974 598**
Finansielle driftsmidler			
Investeringar i aksjar og partar		124 259	124 259
Obligasjoner og andre fordringer		63 675	283 623
Sum finansielle anleggsmiddel	5	**187 934**	**407 882**
Sum anleggsmiddel		**130 734 614**	**139 123 897**
Omløpsmiddel			
Krav			
Kundekrav		1 619 874	1 892 347
Andre kortsiktige krav	1	149 030	413 665
Sum krav		**1 768 904**	**2 306 012**
Bankinnskot, kontantar og liknande		**14 343 939**	**5 956 755**
Sum omløpsmiddel		**16 112 843**	**8 262 767**
Sum eigedelar		**146 847 457**	**147 386 664**

Balanse

SUNNFJORD HOTELL AS

Eigenkapital og gjeld	Note	2024	2023
Innskoten eigenkapital			
Aksjekapital	7	9 264 000	9 264 000
Sum innskoten eigenkapital		**9 264 000**	**9 264 000**
Opptent eigenkapital			
Annan eigenkapital	7	50 421 389	49 237 620
Sum opptent eigenkapital		**50 421 389**	**49 237 620**
Sum eigenkapital		**59 685 389**	**58 501 620**
Gjeld			
Øvrig langsiktig gjeld			
Gjeld til kredittinstitusjonar	8	81 417 500	85 295 000
Sum anna langsiktig gjeld		**81 417 500**	**85 295 000**
Kortsiktig gjeld			
Leverandørgjeld		1 994 952	331 953
Betalbar skatt	6	832 109	526 205
Skattetrekk og andre trekk		430 814	188 034
Utbytte		1 389 600	1 389 600
Anna kortsiktig gjeld		1 097 093	1 154 252
Sum kortsiktig gjeld		**5 744 568**	**3 590 044**
Sum gjeld		**87 162 068**	**88 885 044**
Sum gjeld og egenkapital		**146 847 457**	**147 386 664**

FØRDE, 24.04.2025
Styret i SUNNFJORD HOTELL AS

Storegjerde Per
styreleiar

Andreas Rønnekleiv
styremedlem

Svein Bjarne Nordal
styremedlem

Jonny Tjønn
dagleg leiar

Note 1 Rekneskapsprinsipp

Årsrekneskapen er sett opp i samsvar med rekneskapslova og NRS 8, God regnskapsskikk for små foretak.

Salsinntekter
Salsinntekter vert inntektsført ihht.oppteningsprinsippet, når vara er levert og tenesta utført..

Skatt
Skattar vert kostnadsførte når dei påløper, det vil seie at skattekostnaden er knytt til det rekneskapsmessige resultatet før skatt.
Skattekostnaden består av betalbar skatt (skatt på den skattepliktige inntekta i året) og endring i netto utsett skatt. Skattekostnaden er fordelt på ordinært resultat og resultat av ekstraordinære postar i høve til skattegrunnlaget.

Hovudregel for vurdering og klassifisering av eigedelar og gjeld
Eigedelar bestemt til varig eige eller bruk er klassifiserte som anleggsmidlar. Andre eigedelar er klassifiserte som omlaupsmidlar. Fordringar som skal tilbakebetalast innan eitt år er uansett klassifiserte som omlaupsmidlar. Ved klassifisering av gjeld er analoge kriterium lagde til grunn. Anleggsmidlar er vurderte til anskaffingskost, men vert nedskrivne til verkeleg verdi når verdifallet er forventa å ikkje vere forbigåande. Anleggsmidlar med begrensa økonomisk levetid vert avskrivne planmessig. Langsiktig gjeld vert balanseført til nominelt beløp på etableringstidspunktet.

Omlaupsmidlar er vurderte til lågast av anskaffingskost og verkeleg verdi. Kortsiktig gjeld er balanseført til nominelt beløp på etableringstidspunktet. Nokre postar er i samsvar med rekneskapslova vurderte etter særlege vurderingsreglar. Det vert gjort nærare greie for desse nedanfor.
Varige driftsmidlar
Varige driftsmidlar vert avskrivne over forventa økonomisk levetid. Avskrivingane er fordelte lineært over antatt økonomisk levetid.

Andre anleggsaksjar og andelar

Anleggsaksjar og andelar der Sunnfjord Hotell AS ikkje har monaleg påverknad vert førte i balansen til anskaffingskost. Investeringane vert nedskrivne til verkeleg verdi dersom verdifallet ikkje er forbigåande. Motteke utbytte og andre utdelingar frå selskapa vert inntektsførte som andre finansinntekter.

Fordringar
Kundefordringar og andre fordringar er oppførte til pålydande etter frådrag for avsetjing til forventa tap. Avsetjing til tap er føreteke på grunnlag av ei individuell vurdering av kvar.enkelt fordring. Det er ikkje føreteke uspesifisert avsetjing då det ikkje er forventa tap på øvrige kundefordringar.

Note 2 Lønskostnader og ytingar, godtgjeringar til dagleg leiar, styret og revisor

Lønnskostnader

	2024	2023
Arbeidsgjevaravgift og andre sos. kostnadar	165 000	155 000
Andre ytingar	17 490	16 430
Sum	**182 490**	**171 430**

Selskapet har i 2024 sysselsett 0 årsverk.

Ytingar til leiande personar

	Dagleg leiar	Styret
Kostnadsført honorar innleigd dgl.leiar	534 000	0
Styrehonorar (driftsåret 2024)		165 000
Sum	**534 000**	**165 000**

Dagleg leiar eg leigd inn frå FGH Invest AS.
Det er ikkje gitt lån/stilt trygd til dagleg leiar,styreleiar eller andre nærståande partar.
Det er ikkje gitt lån eller stilt trygd som utgjer meir enn 5% av selskapets eigenkapital.

Revisor	2024	2023
Revisjon	91 633	116 103
Sum honorar til revisor	**91 633**	**116 103**

Note 3 Anleggsmiddel

	Inventar, utstyr og tek installasj	Anlegg under arbeid	Bustader og tomtar
Innkjøpskostnad pr. 01.01.24	94 832 427		1 499 390
+ Tilgang kjøpte driftsmiddel	816 164		
= Innkjøpskostnad 31.12.24	**95 648 591**		**1 499 390**
Akkumulerte avskrivingar 31.12.24	72 941 583		
= Bokført verdi 31.12.24	**22 707 008**		**1 499 390**
Ordinære avskrivingar dette året	2 929 963		

	Hotell-eigedom	Sum
Innkjøpskostnad pr. 01.01.24	216 616 142	312 947 959
+ Tilgang kjøpte driftsmiddel		816 164
= Innkjøpskostnad 31.12.24	**216 616 142**	**313 764 123**
Akkumulerte avskrivingar 31.12.24	114 244 440	187 186 023
= Bokført verdi 31.12.24	**102 371 702**	**126 578 100**
Ordinære avskrivingar dette året	6 282 700	9 212 663

Note 4 Festekontraktar

Det totale tomteareal som Sunnfjord Hotell disponerer er på 24.646 kvm. Halvparten av dette (12.358 kvm) er festa grunn.

Alle festekontraktar er inngådde for 99 år og utgår i perioden 2066-2079.

Kostnadsført festeavgift for 2024 utgjer kr. 242 884

Note 5 Finansielle anlegsmidlar

Selskap	Seslskapets totale aksjekapital	tal	sal	Pålydande	Bokf.verdi
FGC Eigedom AS	1 350 000	50	0	1 000	50 000
Fjord Norge	3 865 000	3	0	5 000	15 000
Futurum Garanti AS	3 659	0	0	0	3 659
Sunnfj.Næringsutvikling	430 000	28	0	1 000	50 000
Jølster Skisenter AS	2 425 600	0	0	200	0
Andre andelar	0	0	0	5 600	5 600
					124 259

Aksjar Jølster Skisenter AS er nedskrive,år 2009 med kr 200 000,

Andre finansinntekter	
Motteke utbytte 2024	
Utbytte ordinære aksjær	14 500
Utbytte Gjensidige	26 930

Note 6 Skatt

Skattekostnad dette året	2024	2023
Resultatført skatt på ordinært resultat:		
Skatt som skal betalast	832 109	526 204
Endring i utsett skattefordel	-227 164	-250 814
Skattekostnad ordinært resultat	**604 945**	**275 390**
Skattepliktig inntekt:		
Resultat før skatt	3 178 314	1 195 935
Permanente skilnader	-428 565	55 842
Endring i mellombelse skilnader	1 032 563	1 140 064
Skattepliktig inntekt	**3 782 312**	**2 391 841**
Skatt i balansen som skal betalast:		
Skatt på resultatet dette året som skal betalast	832 109	526 205
Sum skatt i balansen som skal betalast	**832 109**	**526 205**

Skatteeffekten av mellombelse skilnader som har gjeve opphav til utsett skatt og utsette skattefordelar, spesifisert på typar av mellombelse skilnader

	2024	2023	Endring
Varige driftsmiddel	-19 676 894	-19 053 804	623 090
Vinst– og tapskonto	1 637 891	2 047 363	409 473
Sum	**-18 039 004**	**-17 006 441**	**1 032 563**
Grunnlag for utsett skattefordel	**-18 039 004**	**-17 006 441**	**1 032 563**
Utsett skattefordel (22 %)	**-3 968 581**	**-3 741 417**	**227 164**

Note 7 Aksjekapital , eigenkapital og aksjeeigarinformasjon

Aksjekapitalen i SUNNFJORD HOTELL AS pr. 31.12 omfattar:

	Tal	Pålydande	Bokført
Aksjekapitalen består av ein aksjeklasse	18 528	500	9 264 000

Alle aksjane har lik stemme- og utbytterett.

	Aksjekapital	Annan eigenkapital	Sum eigenkapital
Pr. 31.12.2023	9 264 000	49 237 620	58 501 620
Årets resultat		2 573 369	2 573 369
Utbyte		-1 389 600	-1 389 600
Pr 31.12.2024	**9 264 000**	**50 421 389**	**59 685 389**

Oversikt over dei største aksjonærane pr. 31.12.2024:

		Aksjar	Andel
FGH-Invest AS		12 669	68,38%
Klakegg Eiendom AS		724	3,91%
Ida og Guttorm Berqvam		697	3,76%
Torbjørn Berqvam		450	2,43%
Sum		14 540	78,48%
Øvrige		3 988	21,52%
Totalt tal aksjar	18 528 a kr 500		100%

Aksjar eigd av styremedlemmer

Namn	Verv	Tal aksjar
Per A. Storegjerde	Styreleiar	28

Note 8 Pantstillingar og langsiktig gjeld

	31.12.2024	31.12.2023
Av selskapet si bokførte gjeld er sikra ved pant	81 417 500	85 295 000
Bokført verdi av eigedelar stilte som sikring for denne gjelda er:		
Tomtar	1 499 390	1 499 390
Hotelleigedommen	100 895 801	107 137 901
Tekniske installasjonar	18 604 901	21 074 601
	121 000 092	**129 711 892**

Gjeld som forfell seinare enn fem år etter rekneskapsårets slutt

	2024	2023
Gjeld til kredittinstitusjonar	62 030 000	65 907 500

Til generalforsamlinga i Sunnfjord Hotell AS

Melding frå uavhengig revisor

Konklusjon

Vi har revidert årsrekneskapen for Sunnfjord Hotell AS som er samansett av balanse per 31. desember 2024, resultatrekneskap for rekneskapsåret avslutta per denne datoen og noter til årsrekneskapen, medrekna eit samandrag av viktige rekneskapsprinsipp.

Etter vår meining oppfyller årsrekneskapen gjeldande lovkrav, og gjev årsrekneskapen eit rettvisande bilete av selskapet si finansielle stilling per 31. desember 2024, og av resultata for rekneskapsåret som vart avslutta per denne datoen, i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapsskikk i Noreg.

Grunnlag for konklusjonen

Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med International Standards on Auditing (ISA-ane). Våre oppgåver og plikter etter desse standardane er beskrivne under overskrifta *Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen*. Vi er uavhengige av selskapet i samsvar med krava i relevante lover og forskrifter i Noreg og International Code of Ethics for Professional Accountants (medrekna dei internasjonale sjølvstendestandardane) utferda av International Ethics Standards Board for Accountants (IESBA-reglane), og har oppfylt dei andre etiske pliktene våre i samsvar med desse krava. Innhenta revisjonsbevis er etter vår oppfatning tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for vår konklusjon.

Styret og dagleg leiar sitt ansvar for årsrekneskapen

Styret og dagleg leiar (leiinga) er ansvarlege for å utarbeide årsrekneskapen og for at han gir eit rettvisande bilete i samsvar med rekneskapslova sine reglar og god rekneskapsskikk i Noreg. Leiinga er også ansvarleg for naudsynt intern kontroll for å kunne utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta.

Ved utarbeidinga av årsrekneskapen må leiinga ta standpunkt til selskapet si evne til å halde fram med drifta og opplyse om tilhøve av betyding for dette. Føresetnaden om at drifta kan halde fram, skal leggjast til grunn for årsrekneskapen så lenge det ikkje er sannsynleg at verksemda vil bli avvikla.

Revisor sine oppgåver og plikter ved revisjon av årsrekneskapen

Vårt mål er å oppnå tryggande sikkerheit for at årsrekneskapen totalt sett ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, verken som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta, og å gi ei revisjonsmelding som inneheld konklusjonen vår. Tryggande sikkerheit er ein høg grad av tryggleik, men ingen garanti for at ein revisjon utført i samsvar med ISA-ane, alltid vil avdekke vesentleg feilinformasjon som eksisterer. Feilinformasjon kan oppstå som følgje av misleg framferd eller feil som ikkje er tilsikta. Feilinformasjon er å anse som vesentleg dersom han, åleine eller samla, innanfor rimelege grenser kan forventast å påverke dei økonomiske avgjerslene som brukarane tar på grunnlag av årsrekneskapen.For beskriving av revisor sine oppgåver og plikter visar vi til: https://revisorforeningen.no/revisjonsberetninger

Førde, 24. april 2025
PricewaterhouseCoopers AS

Jan Fløio
Statsautorisert revisor
(elektronisk signert)

Securely signed with Brevio

Revisjonsberetning

Signers:

Name	*Method*	*Date*
Fløio, Jan	BANKID	2025-04-29 12:24

This document package contains:

- Closing page (this page)
-The original document(s)
-The electronic signatures. These are not visible in the document, but are electronically integrated.

This file is sealed with a digital signature.
The seal is a guarantee for the authenticity of the document